



## Møteinkalling

---

**Utval:** **Stølsheimen verneområdestyre**

**Møtestad:** Voss, Park hotell Vossevangen

**Dato:** 02.12.2022

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

SNO deltek på møtet og informerer om SNO sitt arbeid i 2022. Dette vil vera del av grunnlaget for tinging av SNO-ressursar i 2023.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 30/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 32/22	Orienteringar og referatsaker		
RS 14/22	Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane		2022/11611
RS 15/22	Notat - senking av vasstanden i Vassøyane - Stølsheimen landskapsvernområde	X	2022/9567
ST 33/22	Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen - Solcellepanel		2022/14394
ST 34/22	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2023		2022/16048
ST 35/22	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2023		2022/15789

**ST 30/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 31/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 32/22 Orienteringar og referatsaker**  
**RS 14/22 Høyring - Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane**  
**RS 15/22 Notat - senking av vasstanden i Vassøyane - Stølsheimen landskapsvernområde**



Arkivsaksnr: 2022/14394-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 23.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	33/22	02.12.2022

## Stølsheimen landskapsvernombjøde - Hallsetstølen - Solcellepanel

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombjøde pkt. VI nr. 1 gjev Stølsheimen verneområdestyre eigaren av stølshuset på Hallsetstølen i Vik kommune v/Jarle Hønsi, dispensasjon frå føresegnene i pkt. IV nr. 1 til fasadeendring ved oppføring av solcellepanel på stølshuset på Hallsetstølen.

Det vert sett som vilkår at:

- plasseringa av solcellepanelet vert som omsøkt, på den sørwendte veggen, mot Nabbanosi, panelet skal monterast flatt på vegg og ikkje vinklast opp mot sola.
- solcellepanelet skal vera monokristallinsk i matt sort farge og ikkje større enn 70x70 cm.
- det skal ikkje monterast utvendig lys på stølshuset som følgje av tiltaket.
- søker skal etter oppføringa av solcellepanelet sende bildedokumentasjon av gjennomført tiltak.

### Dokument i saka

- Søknad om montering av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernombjøde, Jarle Hønsi, 20.10.2022

### Saksopplysningar

#### Søknaden

Eigaren av stølshus på Hallsetstølen Jarle Hønsi søker om å setta opp eit solcellepanel på stølshuset tilhøyrande gard/bruksnummer 61/1, Åsevegen 177, 6893 Vik i Sogn. Det vert søkt om å montera eit solcellepanel på 158x81 cm, på den sørwendte veggen, mot Nabbanosi. Panelet har blå spegel med grå ramme og vert montert på eit stativ kor panelet vinklast opp mot sola. Med supplerande tilleggsopplysningar per telefon opplysts det at solcellepanelet som var vedlagt søknaden berra var meint som illustrasjon.



«Det som primert skal driftes av anlegget er innendørs belysning og en utelampe på byggets nordvendte vegg (ved inngangsparti). Det vil også bli montert et ladepunkt for opplading av sikringsradioer, gps/satelittsender og diverse annet nødvendig utstyr til sauetsyn og sank.

*Solcellepanelet forventes montert i løpet av vår/sommar 2023»*



**Figur 1.** Innsendt fasadeteikning frå sokjar, med solcellepanel på fasade i sør vendt retning mot Nabbanosi.



**Figur 2.** Innsendt illustrasjonsfoto av solcellepanel som skal nyttast på stølshuset.

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017.

### Verneforskrift og verneformål

Formålet med opprettinga av Stølsheimen landskapsvernområde er: å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.

I vernereglane pkt. IV nr. 1 Alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av ... anlegg og faste innretningar.

Etter naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Omsøkt tiltak vil medføre fasadeendring, og vurderast difor ikkje som vedlikehald. Søknaden må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå eit verneverd tak dersom det ikkje strider mot verneverd takets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Søknad



---

om dispensasjon etter første ledd skal innehalde tilstrekkeleg informasjon om tiltakets verknad på verneverdiane. I dispensasjonen etter fyrste ledd skal grunngjevinga for vedtaket vise korleis forvaltningsstyresmakta har vurdert verknadane som dispensasjonen kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Temaet er ikkje omtalt i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde. Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48:

#### **§ 8 «kunnskapsgrunnlaget» og § 9 «føre-var-prinsippet»**

Stølshuset tilhørerende gards- og bruksnummer 61/1, Åsevegen 177, 6893 Vik i Sogn (788 moh) er en del av stølsmiljøet på Hallsetstølen. Dette stølshuset på Hallsetstølen er av nyare dato, og har ein annan fasade enn dei eldre stølhusa. Søk i artsobservasjonar viser at fiskemåke (sårbar) og rødstilk (nær trua) er observert i området. Hallsetstølen er ein del av Fjellheimen villreinområde. Solcellepanelet er fastmontert på vegg og vert difor ikkje regnet som habitatsendring. Tiltaket vil truleg ha liten eller ingen påverknad på verken fiskemåke eller rødstilk. Det er ikkje kjent at villrein vert påverka av gjenskin frå solcellepanel. Kunnskapsgrunnlaget vurderast tilstrekkeleg for å kunne behandle søknaden. Difor er NML. **§ 9 Føre-var-prinsippet** ikkje vektlagt.

#### **§ 10 «økosystemtilnærming og samlet belastning»**

Per i dag er det ingen retningslinjer for oppføring av solceller i Stølsheimen landskapsvernområde. Søknaden om 1 stk. enkeltståande panel (158x81 cm) vurderast som unødvendig stort i forhold til kva slags utstyr det skal drifta og storleiken på stølshuset. For at tiltaket skal samsvara meir med behovet og verta meir moderat samanlikna med storleiken på stølshuset, vert det sett som vilkår at solcellepanelet ikkje bør vera større enn 70x70 cm. Samtidig vurderast tiltaket som reversibelt ved at installasjonen enkelt kan fjernes. Panelet med blå spegl reknast for å gje meir gjenskin enn panel med matt svart spegl. Når solcellepanela vinklast opp mot sola kan det verta meir markant gjenskin enn om det monterast flatt på veggen. Gjenskin frå solcellepanelet kan førekommme, men vert ikkje sett på som problematisk for dyre- og fuglelivet rundt Hallsetstølen. Landskapets art og karakter kan truleg bli påverka av gjenskin frå solcellepanelet. Stølshuset er tidlegare modernisert og har ikkje eit autentisk preg. Difor vil ikkje landskapets art- og karakter bli vesentleg endra av eit solcellepanel. Med eit solcellepanel vil det verta mogleg å lade nødvendig landbruksutstyr som til dømes GPS, satellittsendarar og sikringsradio. Det er sett vilkår om at det ikkje er tillate med bruk av utvendig belysning på stølshuset som følge av tiltaket. Utelys kan påverke dyre- og fuglelivet negativt som eit ukjent element i området. Det er heller ikkje tradisjon for utelys på stølsbygningar. Tiltaket samla sett er vurdert til ikkje å påverke verneverdiane nemneverdig. Stølsmiljøet på Hallsetstølen er pr. i dag utan solceller, verneføremålet vert difor ikkje nemneverdig påverka.

#### **§ 11 «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»**

Dette prinsippet vurderast som ikkje relevant for saka.

#### **§ 12 «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder»**

Solceller vert sett på som fornybar energi og som ein forbetring frå dieselagggregat for å løyse energibehovet på Hallsetstølen. I den opphavelige søknaden var det søkt om solcellepanel med blå spegl. Det er vurdert at den mest effektive og minst sjenerande teknologien er svarte matte monokristallinske solcellepanel montert flatt på stølshusveggen. Tiltaket er difor vurdert til å være den beste løysingen på Hallsetstølen med den kunnskapen som er



tilgjengeleg pr. dags dato. Teknologien innanfor fornybar energi er under stadig utvikling. For å kunne få den beste miljømessige løysinga for stølshusa, kan det vera aktuelt med avgrensa tidsperiode for løyyet til solcellepanel. Med vilkår om montering av svart panel som er montert flatt på vegg, vil dette tiltaket gje liten påverknad på landskapet, og det er difor ikkje innstilt på tidsavgrensing i denne saka.

## Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga etter NML §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar konsekvensane av montering av enkeltståande solcellepanel som lite og reversibelt. Tiltaket samla sett vurderast til å påverke verneverdien i liten grad, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2022/16048-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 23.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	34/22	02.12.2022

## Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2023

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2023 for å handsame saker i verneområdestyre, og fylge opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategien.

Styret tek sikte på fylgjande årshjul:

Februar:	Møte med fordeling av tiltaksmidlar
April:	Styremøte
Juni:	Styremøte
Aug./September:	Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
November:	Styremøte/planleggingsmøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Styre kan avgjera om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Styret vedtek driftsbudsjett for 2023. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2023.

Driftsutgifter for styret	
Møtegodtgjering for styret	63 770
Reiseutgift	12 000
Møteutgift inkl. dialogmøte med RU	50 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	5 000
<b>SUM driftsutgifter</b>	<b>130 770</b>
Utgreiing skjøtselsplan Finnfjorden og Finden	30 000
<b>Berekna kostnad</b>	<b>160 770</b>



## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvaltaren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av SNO-ressurser – 2023, *Miljødirektoratet* 02.11.2022

I fylgje vedtekten, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). I 2022 har verneområdestyret hatt 8 møte. 5 av desse møta er gjennomført som digitale møte, 1 som fysisk møte, og eit 2-dagars med dialogmøte med rådgjevande utval til Finnaboten.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 02.11.2023 vert det informert om at verneområdestyre kan melde inn behov for midlar til drift av verneområdestyre. Det vert vidare sagt at dersom det er midlar innanfor rammene, kan det gjevast midlar til naudsynt kartlegging som grunnlag for utarbeidning av skjøtselsplanarar, forvaltningsplanar og besøksstrategiar. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 10. januar 2023.

## Vurdering

For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvalningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I 2022 vart det gjennomført dialogmøte og synfaring med rådgjevande utval til Finnabotnen i Vik. Planen for 2023 er tur til Torvedalen eller Selhamar. Hovudtema vil vera synfaring til vatn med vassdragsregulering og besøksforvaltning.

To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar og i november/desember. I februar er det prioritering av tiltak, og i november/desember er det planlegging av tiltak for neste år.

Miljødirektoratet løyvde kr 180 000,- til drift av Stølsheimen verneområdestyre for 2022, og kr. 30 000 til utgreiing til skjøtselsplan i Finnavorden og Finnen i 2023. Det er ikkje planlagt nasjonalparkkonferanse i 2023. Forvaltar rår difor til ei litt lågare budsjettramme for drifta av styre i 2023 enn for 2022.

Det vart gjennomført kartlegging av naturtypar (NiN-kartlegging) i Finnavorden i 2021. NiN-kartlegginga er viktig kunnskapsgrunnlag for skjøtselsplanar og evaluering av gjennomført skjøtselsarbeid. I Finnabotnen er det trond for revidering av skjøtselsplan, og i Finnen er det trond for skjøtselsplan. Kunnskap om naturtypane har stor verdi for å forvalta område og prioritera kvar det er viktig å bruke ressursar på skjøtsel. På grunn av mangel på personalressursar i 2022, vart ikkje dette arbeidet starta opp. Styret bør planlegge oppstart av skjøtselsplanane i 2023.



Arkivsaksnr: 2022/15789-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 23.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	35/22	02.12.2022

## Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og SNO-ressursar 2023

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vedtek tiltaksplan og bestilling av SNO-ressursar for 2023. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2023.

Tiltaksplan for Stølsheimen 2023		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Prioritering
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>		
Prosjektleiing	25 000	
Sylvarnesdalen - slått selbøen	10 000	
Smørklepp og Fidnaselbøen - slått med ryddesag	6 000	
Negardstølen, tistelfjerning, nyrenningar	5 000	
Rosete - tistelfjerning	5 000	
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtselsplan, Botnastølen, Flåten, innmark rundt tunet. Styva 2 almar (10 000 pr. tre)	35 000	
Hest - rydde sprake	15 000	
Ytstestølen - ettersyn	2 000	
Solrenningane - tueslått	30 000	
Bjørkestølen, rydde skog i randsona	15 000	
Åsedalen og Hallsetstølen, ettersyn	5 000	
Vatnane - fjerna tre og kratt	20 000	
Brydalen - rydde tre og kratt	20 000	
<b>Skjøtsel av stølsvegar og stiar</b>		



Planlegging, restaurering av buføresti fra Ålrek til Skardsvatnet	30 000	
Sti til Åsehidleren, rydda	10 000	
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, etter-rydding	10 000	
Sti Finnabotnen til Vetlehovden	10 000	
<b>Tilretteleggingstiltak</b>		
Bru til Granden, ferdigstilling	5 000	
Opprydding strandsona, søppelplass	50 000	
Vedlikehald på stien i Sendedalen	30 000	
<b>Informasjonstiltak</b>		
Planlegging av infrastruktur innfallsport Modalen og Voss	100 000	
Parkeringsplass på Brekke i Ortnevik	30 000	
Design temaskilt 2000 x 5 = 10 000 + kart 5000 x 4 = 20000	30 000	
Innkjøp skilt (2 små, 2 treskilt, 4 ekstra skiltplater)	93 000	
Montering av skilt (Høyanger, Vik, Voss og Modalen) ca 20 000 pr. skilt, 10 stk	200 000	
<b>SUM</b>	<b>791 000</b>	

<b>Bestilling av SNO-ressursar 2023</b>
Kontroll dispensasjonssaker
Kontroll motorferdsel vinter - Vikafjellet
Kontroll, byte av verneskilt
Registrera solcellepanel på bygningar i verneområdet
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet, delta i skjøtsel - Brydalen
Delta på møte med verneområdestyre og RU
Oppsett av enkle temaskilt

## Saksopplysningars

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområdet – 2022. *Miljødirektoratet* 02.11.2023
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombord, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernombord, rapport nr. 1 – 2020

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og



betra. I strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er attgroing, framande artar, forstyringar av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltaksmidlar som er med å motverka negative påverknadsfaktorar vert prioritert.

Tiltaksmidlane kan nyttast til å restaurera forringa natur i våtmark, skog, fjell og kulturlandskap og ope lågland. Vi er inne i FNs tiår for naturrestaurering (2021-2030). Restaurering av natur er naudsynt for å stoppe tapet av naturmangfald og under det verknaden av klimaendringane. I Stølsheimen vil restaurering av stølsområde vera tiltak for å ta vare på naturmangfaldet.

Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stiar, klopping og merking for å betre tilgjenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar i tilknyting til verneområde. For 2023 kan det i tillegg meldast inn ynskje om tiltaksmidlar til drift og vedlikehald av infrastruktur (vegar, toalett, parkeringsplassar og liknande).

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvaltningsmynde sin eigen regi, ev til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsysteem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyest blant disse tiltakene*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltingstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)*

Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernombord, besøksstrategi og tilhøyrande skjøtselsplanar. Rådgjevande utval (RU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidninga av tiltaksplanen. Tiltaka i planen er lagt fram med bakgrunn i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombord rapport nr. 1 - 2017, besøksstrategien og vurderinga av pågåande tiltak og nye tiltak.

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.



---

I planleggingsmøte med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding av tiltak og bestilling av SNO-ressursar til Miljødirektoratet er 10. januar 2023.

## Vurdering

Forvaltar legg fram i møte forslag til tiltak i 2023 med bakgrunn i tiltaksplan for 2021 til 2023. Tiltaksplan vert lagt fram på bakgrunn av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombordet og besøksstrategien for Stølsheimen. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2022, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioritera tiltaka, i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

## Skjøtselstiltak for å ivareta verneverdiane

Trusselfaktorar for verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernombordet er i hovudsak attgroing av kulturlandskapet, og spreiing av framande artar. For å redusera negative påverknadsfaktorar som attgroing og spreiing av framande artar, bør det prioriterast skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak. Pågåande skjøtselsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2. Det er sett i gang restaurering og skjøtsel av fleire stølar i Stølsheimen, og av kulturlandskapet i Finnabotnen. Dette arbeidet bør prioriterast vidare. I 2020 vart det inngått ein 4-årig tenestekjøpsavtale for skjøtselsarbeid i verneområdet.

Gardane på sørsida av Sognefjorden har stølane sine i fjellet i Stølsheimen. Dette er svært lange buførevegar som viser kor viktig fjellområda var for gardane ved Sognefjorden. Buførevegen frå Ålrek til Hanekamdal er ein av desse stiane, og på stien er det fleire oppmura parti. Desse murane er i ferd med å rasa saman på nokre punkt. Buførevegane er ein viktig del av kulturminna i Stølsheimen landskapsvernombordet, og det har difor stor verdi å setja i stand murane på stien. Forvaltar meiner det er bruk for kartlegging og planlegging av tiltaket for å få god prosjektering av tiltaket.

Buførestiar og turstiar i Stølsheimen vert i stord grad nytta av turgåarar i tillegg til stølseigarane i Stølsheimen. På stiane med størst ferdsel er det årleg vedlikehaldsbehov. Ein av desse stiane er turstien i Sendedalen. Grunneigarar har meldt inn at det er trond for vedlikehald av stien på våte parti. Forvaltar rår til at det vert lagt inn tiltaksmidlar til enkle tiltak på stien i 2023.

## Framande artar

I 2020 vart det gjennomført ein vurdering av hogst i Arnafjorden og Finnafjorden. Det vart konkludert med at det bør lysast ut ein anbodskonkurranse for hogst av granfelt i Finnafjorden. Dette vart ikkje prioritert i 2022, og bør settast opp att på nytt i 2023.

## Informasjonstiltak

Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernombordet vart godkjent i 2020. Framlegg til tiltak i 2023 er i samsvar med tiltaka i strategien og kommunikasjonsplanen.



I 2021 og 2022 har det vore arbeidd med å utvikle og sette opp informasjonsskilt i Vik og Høyanger kommune. Vi har ikkje kome like langt på ferdigstilling og montering av skilta som vi hadde planar om, så mykje av dette arbeidet er utsett til 2023. I 2023 vil forvaltarane arbeide vidare med informasjonsskilt i Vik og Høyanger, og starta på skiltarbeid i kommunane Modalen og Voss. Det er planlagt designa 5-6 nye skilt, og oppsett av totalt 13 skilt. Nokre stadar vil det vere behov eller ynskje om midlar til design og planlegging av informasjonspunkt, eller til delfinansiering av infrastruktur som parkeringsplassar og liknande, og det er difor sett av ein pott på 100 000 til slike tiltak.

### Kartlegging og overvaking

Siste åra er det registrert ein auka aktivitet med snøskuter i grenseområda til Stølsheimen. Det bør gjennomførast meir kontroll med motorisert ferdsel i sentrale deler av Stølsheimen der det er lett tilkomst med snøskuter på vinteren.

Det må gjennomførast kontroll av dispensasjonar som er gjeve av verneområdestyret til bygg og andre anlegg i verneområdet. Det vert bestilt SNO-ressursar til kontroll av dispensasjonar som er gjeldande, og ev nye dispensasjonar i 2023. I tillegg vert det bestilt SNO-ressursar til registrering av solcellepanel og andre installasjonar på bygningar i verneområdet.